

Eidfjord sokn høyrer til Eidfjord kommune som strekk seg frå Hardangerfjorden og inn mot Hardangervidda nasjonalpark. Eidfjord er ein kraftkommune med 921 innbyggjarar. Her finn du eit koseleg sentrum med gangavstand til alt du treng. Vakker natur legg til rette for variert friluftsliv heile året og her er kort avstand frå flotte strender ved fjorden til høgjellet på Hardangervidda. Gode oppvekstforhold for barn.

Eidfjord har ei praktisk og moderne arbeidskyrkje med kyrkjelydssal, peisestove, møterom, kjøkken og kontor for dei tilsette. I Eidfjord ligg også ei «Jakobskyrkje» frå ca 1309.

LEDIG STILLING SOM

Barne- og ungdomsarbeidar/diakoniarbeidar 67% stilling

Klokkar 8% stilling

Stillingane kan søkjast samla eller kvar for seg.

Eidfjord sokn sitt mål er at kyrkja skal vere ein naturleg del av dagleglivet for alle i kyrkjelyden. Våre aktivitetar for barn og unge har jamt over høg oppslutnad, enkelte over 90%. Det er etablert gjevarteneste for formålet.

Eidfjord blei prosjektkyrkjelyd i 2005. Prosjektet bestod av Naturkul for 11-13 åringar og Leiarkurs for fjorårskonfirmantar. Naturkul blei nominert til trusopplæringsprisen i 2017. Desse prosjekta er i dag ein del av vårt samanhengande tilbod til alderen 0-16 år.



Det er generelt ei positiv haldning til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid i Eidfjord og frivillige bidreg med ulike oppgåver. Staben er liten og fleksibel og består av prest, kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar, organist, kontorsekretær og kyrkjevevje. Saman med soknerådet utgjer dette eit handlekraftig lag som har stort fokus på arbeidet med barn og unge.

Barne- og ungdomsarbeider/diakoniarbeider - 67% stilling

Ei gjevande og variert stilling der du får jobbe i ei fin og praktisk arbeidskyrkje saman med engasjerte medarbeidarar og frivillige.

Oversikt over Eidfjord kyrkje sitt tilbod til born og unge finn du på www.eidfjordkyrkje.no. Som barne- og ungdomsarbeidar vil du få hovudansvar for ein del av aktivitetane. Leik, undervisning og undring står sentralt. Det er lagt eit godt grunnlag med gode beskrivelsar og verktøy for gjennomføring av tiltaka. Me ser for oss at du skal vidareutvikle og tilpasse dette.

Ein del av stilliga er knytt til diakoni. Diakoni ligg i bunnen av alt kyrkja gjer og blir naturleg fletta inn i arbeidet med born og unge. Det er også mogeleg legge inn besøksteneste eller andre diakonale tiltak når dette passer.

Ønska kvalifikasjonar:

- Barne og ungdomsarbeidar/ pedagog, med kristendomsfagleg kompetanse.
- Har gode samarbeidsevner og evne til å jobbe sjølvstendig og strukturert
- Er glad i å arbeide med og formidle til barn og unge
- Er kontaktskapande og har evne til å motivere
- Det er ei føremon med erfaring fra barne- og ungdomsarbeid i kyrkja, men ingen krav
- Grunnleggjande IT forståing

Relevant erfaring kan erstatta manglande utdanning.

Det vil bli lagt stor vekt på personlege eigenskapar.

Fleksibel arbeidstid. Det må påreknast kvelds- og helgearbeid i periodar. Stillinga som klokkar passer fint å kombinere med denne stillinga.

Klokkar - 8% stilling

Det er ledig stilling som klokkar i 8% stilling. Det er gudsteneste ca kvar 3 sundag. I tillegg til vanlege klokkartenester har klokkar som hovudregel ansvar for kyrkjekaffi, ofte med hjelp fra kyrkjevert. Stillinga som barne- og ungdomsarbeidar passer fint å kombinere med denne stillinga.

For begge stillingane gjeld:

Løns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og avtaler innan KA sitt tariffområde. Pensjonsordning i KLP.

Søknadsfrist 15 august 2018. Søkjarar må vere medlem av Den norske kyrkja.

Søknad og evt spørsmål om stillingane kan rettast til kyrkjevertja i Eidfjord Irene Vivali tlf 53665251/95743797, epost irviv@online.no
www-eidfjordkyrkje.no